

Bergen 16.09.2020

Svar på spørsmål til kontrollutvalet vedrørende selskapskontroll av Grieghallen IKS

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune sitt kontrollansvar

Kommuneloven § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Kontrollutvalgets leder har møte- og talerett i kommunestyret eller fylkestinget når utvalgets saker skal behandles. Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne.

Kontrollutvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver.

Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.

Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukkede møter i folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget kan selv bestemme at denne retten ikke gjelder lukkede møter i kommunestyret og kommunerådet eller fylkestinget og fylkesrådet.

Departementet kan gi forskrift om kontrollutvalgets oppgaver og saksbehandling.»

Kommuneloven § 23-6. Innsyn og undersøkelser i selskaper o.l.

«Kontrollutvalget kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra

- a) interkommunale selskaper etter IKS-loven

- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgavefelleskap
- d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.

Opplysningene etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kontrollutvalget kan foreta undersøkelser i virksomheten hvis det er nødvendig.

Kommunestyret og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være til stede i disse møtene.

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.»

IKS-loven

Grieghallen IKS er organisert som eit IKS og det betyr at selskapet er underlagt IKS-loven.

Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 i Hordaland fylkeskommune:

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedtok i 2016 plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020. Dette vart gjort etter at kontrollutvalet hadde gjort ei grundig risiko- og vesentlegvurdering av fylkeskommunen sin eigarskap i selskap. I den vedtekte planen er desse selskapa lista opp for revisjon, sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Bybanen AS
2. Grieghallen IKS
3. Beredt AS
4. Valen kraftverk AS
5. Hardanger AKS AS

På denne lista gjennomførte kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune selskapskontroll i dei to første selskapa før samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har etter dette teke over ansvaret for å følgje opp vedtaka som var gjort i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune etter begge selskapskontrollane. Oppfølginga for begge desse pågår framleis.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet i Bergen kommune fekk førespurnad om dei ønskte å delta i selskapskontrollen av Grieghallen IKS, noko dei takke nei til.

Møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 15.06.2020:

Grunnen til at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune i dette møtet gjorde same vedtak som i tidlegare møte er at Grieghallen IKS ikkje har kome med konkrete svar på dei punkta som fylkestinget i Hordaland vedtok i sak PS 107/2018 i møte 12.12.2018. Jf. at kontrollutvalet har ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtek vert følgd opp, kommunelova § 23-1, e) som lyd slik:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Slik kontrollutvalet hugsar møtet sa ikkje leiar i kontrollutvalet at fylkestinget er Grieghallen sitt øvste organ. Men han sa at fylkestinget er Vestland fylkeskommune sitt øvste organ og at fylkeskommunen er ein av to eigarar i selskapet.

Innkalling til representantskapsmøte:

Her viser vi til kommunelova § 23-6, som er referert framfør, der det står m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være til stede i disse møtene.»

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune konstaterer at dei ikkje blei varsla i tråd med dette i 2020.

§ 13 Styrets myndighet:

Vi konstaterer at Grieghallen IKS er usamd i det som går fram av revisjonsrapporten frå Deloitte på dette punktet, og som Hordaland fylkesting har slutta seg til etter innstilling frå kontrollutvalet.

Val av styremedlemmer – grunngjeving:

Også på dette punktet konstaterer vi at Grieghallen IKS er usamd i det som går fram av revisjonsrapporten frå Deloitte, og som Hordaland fylkesting har slutta seg til etter innstilling frå kontrollutvalet.

Styreevaluering og årsplan:

Igjen blir det konstatert at Grieghallen IKS er usamd i det som går fram av revisjonsrapporten frå Deloitte, og som Hordaland fylkesting har slutta seg til etter innstilling frå kontrollutvalet.

Vidare konstaterer vi at fylkestinget i Hordaland fylkeskommune meinte at å gjennomføre denne selskapskontrollen var i eigars interesse i og med at det sto som nr. 2 på prioriterte liste over selskapskontrollar som dei vedtok i 2016.

Nå det gjeld ytterlegare henvendingar frå kontrollutvalet i saka viser vi igjen til kommunelova § 23-6 der det står m.a. dette:

«Opplysningene etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.»

Konklusjon:

1. Kontrollutvalet fastheld etter dette vedtaket frå møte i utvalet 15.06.2020 der det er forventning om å få tilsend ny tilbakemelding i tråd med vedlagte partsbrev.
2. Kontrollutvalet ber om at tilbakemeldinga vert send sekretariatet seinast innan 04.11.2020 slik at det kan handsamast i møte 25.11.2020.

Kopi: Fylkesordfører

Vedlegg partsbrev: Partsbrev - Oppfølging - Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Selskapet
orienterer fra møte 15.06.2020

UTKAST